



Røde Kors

Sogn og Fjordane

Til
Lokalforeiningar og lokaråd,
distriktsstyret, distriktråda,
leiarar i valnemnder, revisor, kontrollkomiteen

Førde, 10. februar 2023

INNKALLING TIL DISTRIKTSÅRSMØTET 2023; 24. – 26. mars i Flåm

Viser til tidlegare annonsering i Agenda med informasjon om årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 2023. Årsmøtet vert halde på Fretheim hotell i Flåm.

Tradisjonen tru vert det lagt opp til ein uformell start på årsmøtehelga med førkveld fredagen. Tanken bak desse førkveldane har vore å gje inspirasjon og noko til glede og ettertanke. I år er Per Anders Nordengen engasjert som kveikar. Han var sist hjå oss i 2013, og basert på den erfaringa har vi noko å sjå fram til.

Valmøta til distriktråda og møte for lokalforeiningane vert laurdag 25. mars før lunsj. Sjølve distriktsårsmøtet startar same dag etter lunsj.

Sundag morgon får vi ei orientering frå vår erfarne Røde Kors-delegat Åge Wiberg Bøyum. Han kjem direkte frå oppdrag i Ukraina til Flåm for å orientere oss om sine erfaringar og opplevingar i krigs- og katastrofeområde.

Dagsorden og saksdokument til distriktsårsmøtet vert sendt pr. e-post innan 4. mars til lokalforeiningane og lokaråda, og til delegatar og observatørar som då er påmeldt årsmøtet. Papirversjonen av saksdokumenta vert ettersendt til dei som vil ha dei i hende før årsmøtet. Alle saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg i papirform for alle som deltek på årsmøtet.

Påmelding til årsmøtet skjer ved å gå inn på denne linken rodekors.no/sfj/arsmote2023 og legge inn naudsynt informasjon. Påmeldingsfristen er torsdag 12. mars.

Kvart lokaråd kan delta med både leiar og nestleiar (to delegatar) i dei respektive valmøta til distriktråda. I årsmøtet kan lokalforeiningane vere representert med inntil fire delegatar; ein frå lokalforeininga og ein frå kvart lokaråd. Lokale ledd kan ha med observatørar til alle møte.

Distriktsstyret ber lokalforeiningane og avdelingane drøfte årsmøtesakene i sine styre, slik at alle er godt førebudde og deltek aktivt under årsmøteforhandlingane!

Sogn og Fjordane Røde Kors

Post: Langebruvegen 28, 6800 FØRDE
Besøk: Langebruvegen 28
Fakturering: EHF983198422

Tlf: 57523230
Faks: 57723231
<http://www.rodekors.no/sfj>
E-post: dk.sognogfjordane@redcross.no

Bank: 3700 20 27616
Org.nr: NO 983 198 422



Hotellet har stadfesta at dei kan gjennomføre årsmøtet i samsvar med gjeldande reglar for smittevern, og at dei vil gjere tilpassingar ved endringar i retningslinene.

Avtalt pensjonspris med hotellet for buande gjestar (pr. person):

- fredag kveld (inkl. program og middag) - søndag (inkl. lunsj) i enkeltrom: kr. 3.780,-
- fredag kveld (inkl. program og middag) - søndag (inkl. lunsj) i dobbeltrom: kr. 2.880,-
- laurdag morgon (rundstykkje ved ankomst) – søndag (inkl. lunsj) i enkeltrom: kr. 2.790,-
- laurdag morgon (rundstykkje ved ankomst) – søndag (inkl. lunsj) i dobbeltrom: kr. 2.290,-

Prisar for ikkje buande (pr. person):

- Dagpakke laurdag med kaffipausar og lunsj kr. 675,-
- Dagpakke laurdag med kaffipausar, lunsj og festmiddag kr. 970,-
- Dagpakke søndag med kaffipausar og lunsj kr. 675,-

Lokalforeiningane betalar for alle sine deltakarar samla (inkl. delegatar og observatørar frå lokalråd, avdelingar og grupper). Det vert sendt ut faktura etter avslutta årsmøte.

Distriktsstyret ser fram til eit aktivt og gjevande årsmøte, til beste for den einskilde deltakar og Røde Kors organisasjonen. Vi ynskjer gjester, representantar og observatørar hjarteleg velkomne til hyggjelege årsmøtedagar i Flåm.

Vel møtt!

Med helsing
for SOGN OG FJORDANE RØDE KORS

Synøve Sande/s
Distriktsleiar